

AVTALE MELLOM SAMARBEIDANDE LÆREBEDRIFTER

Avtale om samarbeid er inngått om opplæring av lærling i lærefaget :xxxxx mellom: (tekst merka med gult er meint som hjelpetekst, slett den gule teksten)

Læredrift 1 (den som signerer på kontrakt og har inngått arbeidsavtale med lærlingen)	
Organisasjonsnummer	
Fagleg leiar	
Medlem av samarbeidsorgan	
Lærebedrift 2	
Organisasjonsnummer	
Fagleg leiar	
Medlem av samarbeidsorgan	

Krav til ei godkjent lærebedrift

Vilkår for å bli godkjent som læredrift er regulert av opplæringslova § 7-6 og opplæringsforskrifta § 6-13.

For å bli godkjent som lærebedrift må verksemda ha utstyr til å kunna gi opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen for lærefaget.

Dersom bedrifta ikkje har tilstrekkeleg nok aktivitet/utstyr til å gi opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, kan bedrifta inngå samarbeid med andre allereie godkjente bedrifter om opplæringa.

Begge bedriftene må vera godkjent i lærefaget for å kunna inngå samarbeid.

Samarbeidande bedrifter må avtala kva delar av opplæringa kvar bedrift skal gjennomføra. Dette skal bli synleggjort i denne samarbeidsavtalen, eller via intern opplæring plan.

Forslag til intern opplæringsplan finn de i lenka nede i dokumentet.

Ansaret for opplæringa ligg hos den bedrifta som kontrakten om opplæring er inngått med.

Avtale om samarbeid om det inngåtte samarbeidet mellom dei samarbeidande bedriftene og utfylt intern opplæringsplan skal sendast inn saman med søknad om godkjenning som lærebedrift i lærefaget.

Deling av ansvar mellom lærebedrifter som samarbeider om opplæringa (opplæringsforskrifta § 6-14)

Samarbeidande lærebedrifter må avtale kvar deler av opplæring kvar av dei to bedriftene skal gjennomføre, og kva bedrift som har ansvar for følgjande:

- Samtale om utvikling etter § 9-16
- Halvårsvurdering etter § 9-13 og § 15-9
- Oppmelding til eksamen etter § 9-27 tredje ledd og fag- og sveineprøve, praksisbrevprøve og kompetanseprøve etter § 9-56
- Rapportering til fylkeskommunen etter opplæringslova § 7-11 andre ledd og denne forskrifta § 6-15

Det skal gå fram av kontrakten om opplæring korleis ansvaret etter første ledd er fordelt.

Fylkeskommunen gir tilskot til lærebedrifter som kontrakten om opplæring er inngått med, etter denne forskrifta § 6-15.

Lærebedrifter som samarbeider om opplæringa, må avtale seg imellom korleis tilskotet skal **fordelast**.

Dersom det skjer endringar ved lærebedriftene som kan ha innverknad på læreforholdet som til dømes at fagleg leiar sluttar, eller at det oppstår hinder i opplæringa skal fylkeskommunen har skrifteleg melding om dette snarast.

Fordeling av ansvar mellom samarbeidande lærebedrifter i høve til opplæringsforskrifta § 6-14

Samtale om utvikling etter § 9-16	Bedrift
Halvårsvurdering § 9-13 og § 15-9	Bedrift
Oppmelding til eksamen, etter § 9-27 tredje ledd og sveineprøve, praksisbrevprøve og kompetanseprøve etter § 9-56	Bedrift
Rapportering til fylkeskommunen, opplæringslova § 7-11 andre ledd, og opplæringsforskrifta § 6-15	Bedrift

Gjennomføring av opplæring i samarbeidande lærebedrifter

Lærebedriftene som samarbeider om opplæringa må ha avtale om kva av kompetansemåla i læreplanen for Vg3 **skriv inn lærefaget**, dei samarbeidande bedriftene skal gje opplæring i. Dette kan synleggjerast i avtalen her i eige oppsett med måla frå læreplanen Vg3 for faget, eller via intern opplæringsplan i eige vedlegg vedlagt.

Lenkje til intern opplæringsplan: [vlfk-intern-plan-for-opplaring-skjema-2.pdf](#)

Begge parter signerer på to eksemplar av denne avtalen og beheld eit eksemplar av avtalen. Lærebedrifta som søker om godkjenning saman med samarbeidande lærebedrift sender signert avtale som vedlegg til søknad om godkjenning som lærebedrift.

Lærebedrift 1:_____ Lærebedrift 2:_____

Stad/dato:_____ Stad/dato:_____

Underskrift:_____ Underskrift:_____